

Spørsmål til Alver kommunestyre 17.des. 2020.

Spørsmål om utbetring av fylkesvegen frå krysset til Håtuftevegen og til Melandsskaret (Grågotna)

Fylkesvegen frå Myrvollane til Meland er eit mykje brukt vegstrekk. Vegen er uoversiktleg med få møteplassar.

Dette vegstrekket vil verta ein svært viktig og mykje brukt veg når vegprosjektet Fosse-Moldekleiv kjem i gong. Sjølv om dette er fylkesveg bør Alver kommune føla ansvar for at det vert minst mogeleg ulempe både for persontrafikk og varetransport i anleggstida.

I dag pågår det eit stort kommunalt anleggsarbeid nær denne vegen. Spørsmålet til kommunen er følgjande:

Har Alver kommune vurdert å samhandla med Vestland fylke om fleire møteplassar på dette omtalte vegstrekket dersom kommunen har steinmassar til overs i samband med vassprosjektet?

For oss som køyrer denne vegen er det trong for å betra tafikktryggleiken i Grågotna, og tenkjer at det kanskje går an «å slå to fluger i ein smekk»

Vonar på ei god samarbeidsløysing.

Myrtveit 13.des.2020

Sølvi Knudsen SP